

Innhald

1. Bakgrunn og samandrag	2
2. Ny forskrift om stønader til dekning av utgifter knytt til å komme i eller å behalde arbeid..	3
2.1 Samling og harmonisering av stønader	3
2.2 Formål og kven som skal kunne få stønadene.....	4
2.3 Stønad til reise	6
2.4 Stønad til flytting.....	10
2.5 Stønad til bustad og overnatting	12
2.6 Stønad til barnetilsyn.....	14
2.7 Stønad til læremiddel	16
2.8 Stønad til utgifter til legeerklæring	18
2.9 Konsekvensar av fråver frå arbeidsretta tiltak.....	18
2.10 Utbetaling	19
3. Stønad til studiereiser	21
4. Ny forskrift om tiltakspengar	22
5. Ikraftsetjing og kven dei nye reglane skal få verknad for	23
6. Økonomiske og administrative konsekvensar	23

1. Bakgrunn og samandrag	2
2. Ny forskrift om stønader til dekning av utgifter knytt til å komme i eller å behalde arbeid..	3
2.1 Samling og harmonisering av stønader	3
2.2 Formål og kven som skal kunne få stønadene.....	4
2.3 Stønad til reise	6
2.4 Stønad til flytting.....	10
2.5 Stønad til bustad og overnatting	12
2.6 Stønad til barnetilsyn.....	14
2.7 Stønad til læremiddel	16
2.8 Stønad til utgifter til legeerklæring	18
2.9 Konsekvensar av fråver frå arbeidsretta tiltak.....	18
2.10 Utbetaling	19
3. Stønad til studiereiser	21
4. Ny forskrift om tiltakspengar	22
5. Ikraftsetjing og kven dei nye reglane skal få verknad for	23
6. Økonomiske og administrative konsekvensar	23

1. Bakgrunn og samandrag

Det går fram av Stortingsmelding nr. 9 (2006-2007) Arbeid, velferd og inkludering at det skal vere personen sitt behov for bistand som skal avgjere kva for eit arbeidsretta tiltak han eller ho skal få tilbod om. Regelverket om dekning av visse utgifter som følgjer av tiltaksdeltakinga, t.d. naudsynte utgifter til reise og bustad, bør støtte opp under dette. I meldinga blei det derfor m.a. signalisert at departementet ønskjer å sjå nærare på om det er mogeleg å utforme eit felles regelsett for alle tilskot og stønader til å dekke slike utgifter uavhengig av regelverket for livsopphaldsytingane.

Kva slags og kor store utgifter folk har i samband med deltaking på utdanning eller andre arbeidsretta tiltak, vil ikkje avhenge av kva yting til livsopphald (til dømes arbeidsavklaringspengar og overgangsstønad) vedkommande får mens han eller ho deltek på tiltak. Departementet meiner derfor at det er viktig at stønadene til tiltaksdeltakarar til dekning av den same typen utgifter, i størst mogeleg grad har like vilkår og same satsar. I dette høyringsnotatet foreslår departementet derfor at stønadene til dekning av utgifter i samband med deltaking på arbeidsretta tiltak blir samla i ei felles forskrift og at dei, så langt det er formålstenleg, blir harmoniserte. Harmonisering av nivået på stønadene vil føre til at nokre av dei som i dag får ei høgare yting enn andre, vil måtte få noko mindre. Dei som i dag får ei lågare yting, vil få noko meir. For dei aller fleste vil det likevel dreie seg om relativt små endringar. Departementet vil ved fastsetjinga av dei satsane som etter forslaget skal fastsetjast av departementet vere særleg merksam på kva konsekvensar endringane vil få for personar som mottok overgangsstønad. Departementet ønskjer også å regulere stønader til reise og flytting for å lette arbeidssøkjaranes geografiske mobilitet i den nye forskrifta og å så langt det er formålstenleg også å harmonisere desse med dei andre reise- og flyttestønadene.

Departementet legg til grunn at stønadene blir vidareførte på om lag same nivå som i dag.

Departementet legg i denne omgangen ikkje opp til å gjere endringar i formålet eller målgruppa for stønadene og finansieringa av stønadene. Det blir heller ikkje foreslått endringar i livsopphaldsytingane, eller når det gjeld kva tiltak, utdanning eller opplæring som utløyser rett til dei ulike stønadene.

Departementet tar sikte på at den nye forskrifta skal tre i kraft 1. januar 2014.

Det blir og foreslått ei ny forskrift om stønad til livsopphald til tiltaksdeltakarar, dvs. basisytinga i den såkalla "individstønaden", som i dag er regulert i forskrift om arbeidsmarknadstiltak. Det blir dessutan foreslått at stønader til studiereiser skal tas inn i, og bli gitt som ein del av, opplæringstiltaket i forskrift om arbeidsretta tiltak. Dette inneber at utgifter til studiereiser må dekkjast innanfor kostnadstaket i § 7-4 i forskrift om arbeidsretta tiltak. Einsleg mor eller far, tidlegare familiepleiarar og attlevande ektefellar får dekt naudsynt utdanning/opplæring etter eigne reglar i folketrygdlova §

15-12, og ikkje etter dei alminnelige reglane i forskrift om arbeidsretta tiltak. Departementet legg derfor ikkje opp til endringar i stønaden til studiereiser for denne gruppa no. Denne stønaden vil dermed, som i dag, vil bli regulert i ei eiga forskrift til folketrygdlova kapittel 15.

Nokre av dei foreslåtte forskriftsendringane krev endringar i folketrygdlova kapittel 15, 16 og 17. Som følgje av at stønader til dekning av utgifter knytt til å komme i eller å behalde arbeid for einsleg mor eller far blir foreslått regulert i ei felles stønadsforskrift, legg departementet t.d. opp til at dei aktuelle stønadene blir samla i ein eigen paragraf i folketrygdlova kapittel 15, og at stønad til skulepengar m.m. og stønad til barnetilsyn også blir regulert i eigne paragrafar.

2. Ny forskrift om stønader til dekning av utgifter knytt til å komme i eller å behalde arbeid

2.1 Samling og harmonisering av stønader

Arbeids- og velferdsetaten har ansvaret for ei lang rekkje kontantytningar til dekning av utgifter i samband med tiltak som skal bidra til at folk kjem i arbeid eller kan bli verande i arbeid og for å lette arbeidssøkjjarane sin geografiske mobilitet (mobilitetsfremjande stønader). Stønadene er heimla i fleire regelverk og stønader til same formål har til dels ulike vilkår og ulikt nivå.

Det er ikkje lett for brukarane å forstå kvifor det er ulike reglar og satsar på stønader som er meint å dekkje den same typen utgifter. Det er også lite rasjonelt at etaten må forvalte fleire ulike regelverk, og ha fleire ulike system for å utbetale stønader til same formål. Departementet meiner dessutan at ulik innretning og ulikt nivå i dei fleste tilfella kan forklarast med at reglane er blitt til på ulike tidspunkt eller at dei har vore forvalta av to etatar.

Stønadane etter arbeidsmarknadslova er knytte til deltaking på bestemte tiltak etter forskrift om arbeidsretta tiltak. Stønadene til einslege mødrer eller fedrar, tidlegare familiepleiarar og attlevande ektefellar blir gitt i samband med utdanning. I dette høyringsnotatet omtaler vi alle tiltaka, inkludert utdanning, som "arbeidsretta tiltak". Stønadene blir gitt til personar som deltek på arbeidsretta tiltak for å dekkje utgifter som deltakaren har som følgje av tiltaksdeltakinga. Stønadene blir i all hovudsak gitt for å dekkje den same typen utgifter. Det blir dessutan gitt stønad til personar med nedsett arbeidsevne og einslege mødrer eller fedrar, tidlegare familiepleiarar og attlevande ektefellar som må flytte for å få arbeid.

Å samle dei ulike stønadene i ei felles forskrift vil gi betre oversikt over kva ein kan få stønad til og vilkåra for stønadene. Ei felles forskrift vil dessutan leggje godt til rette for å harmonisere stønader som blir gitt til same formål.

Departementet foreslår derfor at stønader til dekning av utgifter som følge av deltaking på eit arbeidsretta tiltak som blir gitt etter folketrygdlova kapittel 11 (personar med redusert arbeidsevne pga. sjukdom, skade eller lyte), 15 (stønad til einsleg mor/far), 16 (ytingar til tidlegare familiepleiarar) og 17 (ytingar til attlevande ektefelle) og arbeidsmarknadslova kapittel 5 (tiltaksdeltakarar som ikkje får dekt utgiftene etter folketrygdlova), samt dei mobilitetsfremjande stønadene som også blir gitt etter arbeidsmarknadslova kapittel 5, skal samlast i ei felles forskrift. Den nye forskrifta vil dermed regulere stønad til dekning av utgifter til daglege reiser, reiser til og frå tiltaksstaden, heimreiser, reise til jobbintervju eller ny arbeidsstad, flytting, bustad, tilsyn for barn og andre familiemedlemmar og læremiddel. Forskrifta vil erstatte dei tilsvarande stønadene som i dag er regulerte i:

- forskrift 12. desember 2001 nr. 1544 om arbeidsmarkedstiltak § 10-5 (arbeidsmarknadslova § 13)
- forskrift 10. februar 2010 nr. 153 om tilleggsstønader etter folketrygdlovens kapittel 11 (folketrygdlova § 11-12)
- forskrift 11. mars 1997 nr. 223 om utdanningsstønad § 2 første ledd bokstav a til g (folketrygdlova § 15-12)
- forskrift 12. august 2011 nr. 847 om mobilitetsfremmende stønad
- folketrygdlova § 15-11 og 15-13
- folketrygdlova § 16-9
- folketrygdlova § 17-9

Personar som får medisinsk behandling får dekt reiseutgiftene sine etter forskrift 4. juli 2008 nr. 788 om rett til dekning av utgifter ved pasienters reise for undersøkelse eller behandling (sjuketransportforskrifta). Bakgrunnen for forslaga i dette høyringsnotatet er eit ønskje om å samle og harmonisere stønader til personar som deltek på den same typen arbeidsretta tiltak og til arbeidssøkjjarar. Det blir derfor ikkje foreslått harmonisering med reglane for pasientreiser her.

2.2 Formål og kven som skal kunne få stønadene

Formål og målgrupper for dei ulike stønadane til dekning av ekstrautgifter som følge av tiltaksdeltaking m.m. kjem klart fram av folketrygdlova kapittel 11, 15, 16 og 17. For stønader etter arbeidsmarknadslova er dette i hovudsak regulert i forskrift om arbeidsmarknadstiltak.

I dag har kvar målgruppe sin lovheimel med tilhøyrande forskrift om rett til utgiftsdekning under deltaking på tiltak. Dette bidreg også til ulike vilkår for å få stønadene. Dei som skal få stønader etter folketrygdlova må t.d. vere medlem i folketrygda, medan dette ikkje er naudsynt for å få stønader etter arbeidsmarknadslova. Vidare må dei som skal kunne få stønader etter folketrygdlova kapittel 11 ha fått arbeidsevna sett ned på grunn av sjukdom, skade eller lyte, medan dei som skal få stønader etter folketrygdlova kapittel 15 må vere einsleg mor eller far.

Departementet legg ikkje opp til endringar i vilkåra for kven som kan få stønader etter dei ulike lovane eller kapitla i folketrygdlova. Reglane om kven som kan få stønader etter arbeidsmarknadslova er i dag i hovudsak regulert i forskrift. Departementet meiner at målgruppa for stønader bør gå fram av lova, og foreslår derfor at dette blir tatt inn i arbeidsmarknadslova § 13 og tydeleggjort. Sjå utkastet til lov om arbeidsmarknadstenester § 13.

Folketrygdlova § 15-12 har ein særregel om utdanningsstønad til einslege mødrer og fedrar som deltek som brukarkontakt i oppfølgingsverksemd som tar sikte på å kvalifisere og stimulere til arbeid og utdanning. Brukarkontaktar får kompensasjon for arbeidet i form av utdanningsstønad. Stønaden blir gitt for 12 månader om gongen, men ikkje ut over 24 månader. Ein dag i veka skal brukast til kontaktarbeid og ein dag til studier. Ordninga ble innført i samanheng med innskjerpinga av overgangsstønaden i 1998 som eit tilbod til einslege mødrer og fedrar. Brukarkontakten skulle vere eit bindeledd mellom dei offentlege etatane og personar som får stønader til einsleg mor eller far. Ei viktig oppgåve for brukarkontaktane var å rettleie brukarar som skulle ha bistand både frå trygdeetaten og frå Aetat. Behovet for brukarkontaktar er ikkje det same etter at Arbeids- og velferdsetaten blei oppretta, og ordninga med brukarkontaktar blir nesten ikkje brukt. Departementet ser ikkje lenger behov for ordninga og foreslår derfor at ho blir avvikla.

Utdanningsstønaden til einsleg mor eller far, tidlegare familepleierar og gjenlevande ektefellar skal reduserast dersom personen samstundes får stipend som ikkje er behovsprøvd. Tilleggstønader etter folketrygdlova kapittel 11 til medlemmar som av helsemessige årsaker har fått arbeidsevna redusert fell bort i den utstrekning dei kjem inn under ansvarsområdet i anna lovgjeving. Stønader etter forskrift om arbeidsmarknadstiltak til tiltaksdeltakarar som ikkje har rett til stønad etter folketrygdlova kapittel 11 kan ikkje ytast til personar som i same periode får ytingar frå offentlege eller private trygde- eller pensjonsordningar, dersom ytingane heilt eller delvis dekkjer same formål. Desse reglane fører m.a. til at personar som får dekt skyss til skule av fylkeskommunen ikkje samtidig kan få dekt stønad til daglege reiser frå Arbeids- og velferdsetaten. Mobilitetsfremjande stønad kan ikkje ytast til personar som får dekt utgiftene sine av arbeidsgjevaren eller på annan måte etter lov, avtale eller praksis.

Departementet foreslår ingen endringar i dagens praksis. Departementet foreslår derfor å vidareføre ein generell regel om at stønader etter forskrifta fell bort i den utstrekning personen kan få dekt dei same utgiftene på annan måte. Sjå utkastet til § 1 andre ledd.

Departementet foreslår vidare at det skal gå eksplisitt fram av forskrifta at personer med rett til gratis læremidler under vidaregåande utdanning etter opplæringslova § 3-1, ikkje kan få stønad til læremiddel. Sjå utkastet til § 11 andre ledd.

2.3 Stønad til reise

Gjeldande rett

Reisestønader til deltakarar på arbeidsretta tiltak

Etter forskrift om arbeidsmarknadstiltak § 10-5 blir det gitt stønad til dekning av utgifter til naudsynte reiser mellom bustad og tiltaksstad. Det vil m.a. seie *daglege reiser*. Det blir normalt berre gitt stønad til daglege reiser dersom avstanden til utgreiings- eller tiltaksstaden er minst seks km kvar veg. Det blir dessutan gitt stønad til reise i samband med *oppstart og avslutning* av bestemte arbeidsretta tiltak. Tiltaksdeltakarar som må bu borte frå heimen under deltaking på tiltak, får stønad til ei *heimreise* når tiltaket varar i minst fire månader under føresetnad av at godkjend ferie blir avvikla i løpet av tiltakstida. Stønaden til daglege reiser etter forskrift om arbeidsmarknadstiltak blir dekte på grunnlag av billegaste reisemåte med rutegåande transportmiddel med inntil 179 kroner for kvar dag personen deltar på tiltak. Arbeids- og velferdsetaten kan godkjenne bruk av eigen bil i tilfelle der det ikkje er mogeleg å bruke rutegåande transportmiddel. Dersom medlemmen på grunn av funksjonshemming ikkje kan bruke rutegåande transportmiddel kan det gis høgare stønad eller godkjennast bruk av eigen bil. Personar som har fått godkjend bruk av eigen bil, får dekt reiseutgifter med 2,27 kroner per km.

Etter forskrift om tilleggsstønader etter folketrygdlova kapittel 11 blir det gitt stønad til dekning av naudsynte utgifter til daglege reiser ved deltaking på arbeidsretta tiltak og ved utgreiing i samband med slike tiltak. I praksis blir det kravd at reisa skal vere minst to km kvar veg. Det blir også gitt stønad til reise i samband med *oppstart og avslutning* av arbeidsretta tiltak. Det blir vidare gitt stønad til fire heimreiser per år til personar som må bu borte frå heimen under deltaking på eit arbeidsretta tiltak. Regelen blir likevel praktisert slik at ei av "heimreisene" i realiteten er reisa til og frå heimstaden ved oppstart og avslutning av tiltaket. Dersom tiltaket varar i mindre enn eitt år, blir talet på heimreiser forholdsmessig redusert. Deltakarar som har barn under ti år får stønad til åtte heimreiser per år. I særlege tilfelle kan ein få stønad til fleire heimreiser. Deltakarar på arbeidsretta tiltak som får sjukepengar etter folketrygdlova kapittel 8 eller som har ordinær løn gjennom tiltaket, får ikkje stønader til reise. Reisestønadene etter forskrift om tilleggsstønader etter folketrygdlova kapittel 11 blir gitt på grunnlag av billigaste reisemåte med rutegåande transportmiddel. Det er inga absolutt øvre grense for kor store utgifter som blir dekte. Bruk av eigen bil kan godkjennast i tilfelle der det ikkje er mogeleg å bruke rutegåande transportmiddel. Dersom medlemmen pga. funksjonshemming ikkje kan bruke rutegåande transportmiddel kan det ytast høgare stønad t.d. til dekning av utgifter til drosje eller godkjennast bruk av eigen bil. Etter rundskriv frå Arbeids- og velferdsdirektoratet kan bruk av eigen bil også godkjennast dersom brukaren må levere og hente barn i barnehage/SFO eller hos dagmamma/-pappa og ei anna løysing vil ta urimeleg mykje tid og føre til avgjerande vanskar. Det er likevel berre reiseavstanden mellom bustad og tiltaks-/utgreiingsstaden som utløyser rett til stønad til daglege reiser. Medlemmar som har fått godkjend bruk av eigen bil, får dekt reiseutgifter med 2,27 kroner per km og tillegg på 0,35 kroner per km for

passasjerar som sjølv har rett til reisestønad og til naudsynt følgjeperson som er passasjer i bilen.

Etter forskrift om utdanningsstønad etter folketrygdlova kapittel 15, 16 og 17 får deltakarar som tar utdanning dekt utgifter til *daglege reiser* mellom bustaden og utdanningsstaden. Det er ingen krav om minste avstand eller minste kostnad ved reisa. Dersom utdanninga går over fleire år får deltakaren dekt reiseutgifter mellom heimen og skulen når skuleåret *startar og sluttar*, for seg sjølv og barna. Ein får også dekt utgifter til strekningar til og frå staden der barnetilsynet er etablert. Medlemmen får også dekt reiseutgifter ved *besøk hos barn* som han eller ho har omsorga for, men for tida ikkje bur saman med. Deltakarar som har barn på heimstaden får normalt dekt to *heimreiser* ved fråver frå tre til seks månader, fire heimreiser ved fråver frå seks til ni månader og seks reiser ved fråver frå ni til tolv månader. I særlege tilfelle kan det ystast stønad til fleire heimreiser. Det blir også gitt stønad til dekning av utgifter til heimreiser og i samband med oppstart på og avslutning av utdanning, til barn som deltakaren har omsorg for. Reisestønadene etter forskrift om utdanningsstønad blir vanlegvis gitt på grunnlag av billigaste reisemåte med rutegåande transportmiddel. Bruk av eigen bil kan godkjennast i tilfelle der det ikkje er mogeleg å bruke rutegåande transportmiddel, eller der dette vil vere urimeleg tyngande for søkjaren. Medlemmar som har fått godkjend bruk av eigen bil, får dekt reiseutgifter med 2,27 kroner per km.

Mobilitetsfremjande reisestønader

Arbeidssøklarar som er ledige utan eiga skuld og som er villige til å ta arbeid på ein annan stad i Noreg, Norden eller i EØS-området kan få stønad til reise etter forskrift om mobilitetsfremjande stønad. Det kan ystast reisestønad til dekning av utgifter i samband med reise til jobbintervju, reise til den nye arbeidsstaden og ved innkallingar til Arbeids- og velferdsetaten i samband med oppfølging for å komme i arbeid. Stønad til dekning av reiseutgifter etter forskrift om mobilitetsfremjande stønad blir gitt på grunnlag av billigaste reisemåte. For reiser til jobbintervju og ny arbeidsstad blir utgifter ut over ein eigendel på 470 kroner dekte. Arbeidssøklar har ingen rett til å få dekt utgifter til reise, og prioriteringane blir gjort av Arbeids- og velferdsetaten. Arbeidssøklarar som har fått godkjend bruk av eigen bil, får dekt reiseutgifter med 2,27 kroner per km. Det blir ikkje gitt stønad dersom reisa blir dekt på annan måte, for eksempel av arbeidsgjevaren.

Vurderingar og forslag

Arbeids- og velferdsetaten har ansvaret for ei lang rekkje stønader til dekning av reiseutgifter. Skilnadene mellom stønadene kan i all hovudsak forklarast med at reglane er blitt til på ulike tidspunkt og at dei fram til 1. juli 2006 blei forvalta av to etatar. Med unntak av dei mobilitetsfremjande stønadene, dekkjer reisestønadene transportutgifter som ein har i samband med deltaking på eit arbeidsretta tiltak og ved utgreiing i samband med slike tiltak.

Det at det no er så mange reisestønader, som dels har ulike vilkår, eigendelar, satsar og utgiftstak, gjer det vanskeleg å orientere seg om rettane sine. Det er også arbeidskrevjande for Arbeids- og velferdsetaten å ha ansvaret for så mange ulike

reisestønader. Departementet meiner derfor at det er naudsynt å slå saman og harmonisere reisestønadene.

Departementet finn i utgangspunktet ingen grunn til at årsaka til at ein treng å få dekt utgifter til reise, eller kva livsopphaldsyting stønaden er knytt til, skal gi seg utslag i ulike vilkår for å få stønad til dekning av reiseutgifter og ulik berekning av denne. Departementet foreslår derfor at stønadene til dekning av reiseutgifter blir regulert slik at reglane om reisestønad til tiltaksdeltakarar og reglane om reisestønad for å fremje geografisk mobilitet på arbeidsmarknaden blir samla i kvar sin paragraf men at det blir gitt ein felles paragraf om berekning av reisestønadene.

Daglege reiser til og frå staden der det arbeidsretta tiltaket blir gjennomført

Reisestønadene blir berre gitt til dekning av naudsynte utgifter. For ein del av mottakarane blir det i tillegg stilt krav om reiseavstand, eller ein får berre dekt utgifter over eit visst nivå eller opp til ein fastsett sats.

Departementet meiner at det er viktigast å dekkje utgiftene til dei som har lengst reiseveg og dei høgaste reiseutgiftene. Departementet legg vidare til grunn at det vil vere enklast både for brukaren og Arbeids- og velferdsetaten dersom retten til dekning av reiseutgifter blir knytt til reiseavstand målt i kilometer. I dagens ordningar varierar reiseavstanden som gir rett til stønad frå null til seks km. Departementet legg opp til at harmoniseringa av stønadene skal bli om lag kostnadsnøytral. Sjå også omtalen av berekning av reisekostnadene. Departementet foreslår derfor at ein skal måtte ha minst seks km reise kvar veg for å delta på eit arbeidsretta tiltak for å få stønad til daglege reiser. Sjå utkastet til § 2 første ledd bokstav a.

Reise til og frå obligatoriske samlingar i samband med eit arbeidsretta tiltak som er tildelt av Arbeids- og velferdsetaten

Når samlingar inngår i det tildelte arbeidsretta tiltaket vil reisa til og frå samlinga vere naudsynt. Departementet meiner derfor at det bør gå klårt fram av regelverket at ein skal kunne få dekt utgiftene til slike reiser. Departementet meiner likevel at ein må kunne forvente at deltakaren reiser lengre utan å få særskilt kompensasjon for utgiftene enn ved daglege reiser. Departementet foreslår derfor at ein berre skal kunne få dekt slike reiseutgifter dersom reiseavstanden er minst 50 km kvar veg. Sjå utkastet til § 2 første ledd bokstav b.

Reise til og frå tiltaksstaden ved oppstart og avslutning av eit arbeidsretta tiltak

Ikkje alle kan få tilbod om eit formålstenleg tiltak der dei bur. Departementet meiner at det bør leggjast til rette for at dei som må bu borte mens dei deltar på tiltak skal kunne oppretthalde kontakten med heimstaden. Når det er naudsynt at deltakaren bur borte frå heimen, vil også reiseutgiftene mellom bustaden og tiltaks-/utgreiingsstaden vere naudsynte. Departementet meiner at det bør komme klårt fram av regelverket at ein skal få dekt slike reiseutgifter. Sjå utkastet til § 2 første ledd bokstav c.

Heimreiser

Når det er naudsynt at deltakaren bur borte frå heimen foreslår departementet at fråveret frå heimstaden må vare i minst tre månader for at ein skal kunne få dekt utgifter til heimreiser. Departementet foreslår at talet på heimreiser fortsett skal vere avhengig av kor lenge opphaldet borte frå heimstaden varar og etter kva for omsorgsbyrde personen har, men at reglane skal vere like for alle som får slik stønad. Departementet foreslår derfor at frávær frå heimstaden frå tre til seks månader skal gi rett til stønad til ei heimreise, og at ein skal få rett til to heimreiser ved frávær frå seks til ni månader, og tre heimreiser ved frávær frå ni til tolv månader. Departementet foreslår dessutan at deltakarar som har barn under 10 år som blir buande på heimstaden, skal få stønad til dobbelt så mange heimreiser. Departementet foreslår også at ein i særlege tilfelle skal kunne få stønad til fleire heimreiser, men meiner at det er formålstenleg at Arbeids- og velferdsetaten gir nærare føresegner om kva som kan reknast som særlege tilfelle. Departementet meiner at gjeldande regel om at heimreiser blir gitt under føresetnad av at ferie blir avvikla i løpet av tiltakstida, verkar kompliserande og ser ikkje noko spesielt behov for å vidareføre ein slik regel. Sjå utkastet til § 2 første ledd bokstav d.

Reiseutgifter til barn

Departementet meiner at det er naturleg at ein også får dekt utgifter til reiser til barn som flytter med til staden der det arbeidsretta tiltaket finn stad. Departementet foreslår derfor at alle deltakarar på arbeidsretta tiltak som må bu borte frå heimstaden for å delta på eit arbeidsretta tiltak, skal kunne få dekt utgifter til reiser mellom bustaden og staden der det arbeidsretta tiltaket blir gjennomført, for barn under 18 år. Departementet foreslår også at ein skal kunne få dekt like mange heimreiser for barn under 18 år som det tiltaksdeltakaren sjølv får dekt. Sjå utkastet til § 2 første ledd bokstav e.

Reiser ved utgreiing i samband med deltaking på arbeidsretta tiltak

Departementet foreslår å vidareføre gjeldande reglar om at det også kan ytast stønad til dekning av reiseutgifter ved utgreiing i samband med deltaking på arbeidsretta tiltak. Sjå utkastet til § 2 andre ledd.

Mobilitetsfremjande reisestønader

Departementet foreslår at arbeidssøkjarar som er ledige utan eiga skuld og som er villige til å ta arbeid på andre stader i Noreg, Norden eller i EØS-området, som i dag, skal kunne få reisestønad til dekning av utgifter i samband med reise til jobbintervju, reise til den nye arbeidsstaden og ved innkallingar til Arbeids- og velferdsetaten i samband med oppfølging for å komme i arbeid. Departementet meiner at moglegheita til å få dekt reiseutgifter for å fremje geografisk mobilitet bør vere reservert for personar som har ein viss reiseveg. Departementet foreslår at Arbeids- og velferdsetaten skal kunne gi stønad til reise for å fremje geografisk mobilitet på arbeidsmarknaden dersom reiseavstanden er minst 50 km kvar veg. Sjå utkastet til § 3.

Berekning av reiseutgifter

Ifølgje Arbeids- og velferdsdirektoratet fekk om lag 1000 personar utbetalt stønad til dagleg reise etter maksimalsatsen i forskrift om arbeidsmarknadstiltak i 2011.

Departementet viser til at utgiftene til daglege reiser særleg vil vere høgare enn 179 kroner i delar av landet der folk ikkje bur så tett og ønskjer av den grunn ikkje å oppretthalde denne beløpgrensa. Reiseutgiftene vil også variere etter kva for transportmiddel som blir brukt. Departementet foreslår derfor at gjeldande hovudreglar for folketrygdytingane om at naudsynte utgifter til billigaste reisemåte med rutegåande transportmiddel blir dekte, blir gjort gjeldande for alle mottakarar.

Arbeids- og velferdsetaten må framleis kunne godkjenne bruk av privat bil når det ikkje er praktisk mogeleg å bruke rutegåande transportmiddel, t.d. når mottakaren av helsemessige årsaker ikkje kan bruke rutegåande transportmiddel. Departementet foreslår at ein ved bruk av eigen bil, som i dag, skal gi eit fast tilskot per km som blir fastsett av departementet, og at ein fortsett skal få dekt andre naudsynte utgifter som t.d. utgifter til bompengar, parkering og piggdekkavgift. Departementet foreslår dessutan at ein, som i dag, dersom det heller ikkje er praktisk mogeleg å bruke privatbil, skal få dekt utgifter til drosje. Departementet finn derimot ikkje grunn til å vidareføre regelen om at det skal gis eit tillegg for andre stønadsmottakar eller naudsynt følgjeperson som er passasjer i bilen.

Sjå utkastet til § 4.

2.4 Stønad til flytting

Gjeldande rett

Forskrift om arbeidsmarknadstiltak har ingen særskilt stønad til flytting.

Etter forskrift om tilleggsstønader etter folketrygdlova kapittel 11, får personar som må flytte frå heimstaden for å delta på eit arbeidsretta tiltak eller for å starte i arbeid etter gjennomført arbeidsretta tiltak eller behandling, stønad til dekning av naudsynte utgifter til flytting. Stønad svarer til dei naudsynte faktiske flytteutgiftene. Søkjaren må normalt ha innhenta minst to skriftlege tilbod. Dersom personen vel å flytte sjølv, kan Arbeids- og velferdsetaten dekkje utgiftene til køyring med eigen bil éin veg utan at det blir innhenta tilbod. Personar som har fått godkjend bruk av eigen bil, får dekt reiseutgifter med 2,27 kroner per km. Dersom det er innhenta tilbod, og søker likevel vel å flytte sjølv, kan det ytast stønad til dekning av utgifter til køyring og leige av tilhengar avgrensa til det lågaste tilbodet. Det kan ikkje ytast stønad til leigd hjelp dersom brukaren vel å ikkje bruke transportør.

Etter forskrift om utdanningsstønad etter folketrygdlova kapittel 15, får einsleg mor eller far, tidlegare familiepleiar og attlevande ektefelle som må flytte frå heimstaden i samband med utdanning, stønad til dekning av utgifter til flytting. Etter folketrygdlova kapittel 15, 16 og 17 blir det vidare gitt stønad til flytting til personar som må flytte for å komme i arbeid. Stønad til flytting blir berre gitt når mottakaren har flytta i eit tidsrom der han eller ho har rett til ei livsopphaldsyting etter desse kapitla eller innan seks månader etter at ytinga falt bort. Det må vere klårt at søkjaren ikkje kan få høveleg arbeid på heimstaden eller at han eller ho ikkje kan komme i gang med arbeid på heimstaden pga. manglande barnetilsyn. Det må ligge føre eit konkret arbeidstilbod på

staden ein flyttar til, arbeidsforholdet må ha ei viss varigheit og det må vere lagt til rette for barnetilsyn. Arbeids- og velferdsetaten dekkjer dei naudsynte faktiske utgiftene til flytting. Det må innhentast minst to tilbod på flyttinga frå transportfirma.

Etter forskrift om mobilitetsfremjande stønad kan arbeidssøklarar som uforskyldt er heilt eller delvis arbeidslaus, og som ikkje kan få arbeid på heimstaden, men er villige til å ta arbeid på ein annan stad i Noreg, Norden eller i EØS-området, få stønad til dekning av utgifter til flytting. Ein har ikkje rett til stønad, og Arbeids- og velferdsetaten gir retningslinjer om prioriteringa av dei midlane som blir stilt til disposisjon. Søklar må innhente to pristilbod. Dersom søkjaren vel å flytte sjølv, kan han eller ho få dekt utgiftene til køyring med eigen bil ein veg. Personar som har fått godkjend bruk av eigen bil, får dekt reiseutgifter med 2,27 kroner per km. Arbeids- og velferdsetaten dekkjer likevel berre utgifter som overstig 2 910 kroner.

Vurderingar og forslag

Mange får tilbod om tiltak nær bustaden og dei fleste arbeidsretta tiltak er relativt kortvarige. Når ein må flytte for å delta på tiltak, ser departementet ingen grunn til at det skal vere ulike reglar for dekning av utgiftene til flytting. Departementet foreslår derfor at alle som må flytte for å kunne delta på eit arbeidsretta tiltak, skal få stønad til dekning av flytteutgiftene

Departementet ser det som ein viktig motivasjonsfaktor for å skaffe seg arbeid at ein kan få dekt utgifter til flytting til ein stad der ein kan få arbeid. Dette er også viktig for å sikre geografisk mobilitet og naudsynt fleksibilitet i arbeidsmarknaden. Mange arbeidsgjevarar dekkjer flytteutgifter i samband med nytilsettingar i tilfelle der arbeidstakaren må flytte frå heimstaden. For dei tilfeller det utgiftene ikkje blir dekte av arbeidsgjevaren eller på anna måte, foreslår departementet at Arbeids- og velferdsetaten framleis skal kunne gi stønad til dekning av flytteutgifter til arbeidssøklarar som må flytte for å ta arbeid.

Sjå utkastet til § 5.

Berekning av stønad til flytting

I dag blir utgifter til flytting dekt fullt ut for dei som får flyttestønad etter folketrygdlova. Utgiftene til flytting vil variere veldig m.a. etter kor stor avstanden mellom heimstaden og staden ein flytter til er. Departementet foreslår derfor at arbeidssøklarar som må flytte som følgje av deltaking på tiltak eller for å komme i arbeid skal kunne få dekt dei faktiske kostnadene til flytting. For å halde utgiftene til Arbeids- og velferdsetaten nede foreslår departementet at kravet om at søkjaren skal ha innhenta minst to skriftlege tilbod frå transport- eller flyttebyrå blir vidareført. Dersom deltakaren vel å flytte sjølv utan å innhente tilbod, foreslår departementet at den ordninga som i dag gjeld for personar som får dekt flytteutgifter etter forskrift om tilleggsstønader etter folketrygdlova kapittel 11 skal gjerast gjeldande for alle mottakarane. Det inneber at utgiftene til kjøring med eigen bil ein veg blir dekt utan at det må innhentast tilbod og at utgiftene blir dekte etter satsane for stønad til reise. Dersom det er innhenta tilbod, og søker likevel vel å flytte sjølv, kan det ytast stønad på bakgrunn av framlagt

dokumentasjon avgrensa til beløpet i det lågaste tilbodet. Det kan ikkje ytast stønad til leigd hjelp dersom medlemmen vel å ikkje bruke transportør. Sjå utkastet til § 6.

2.5 Stønad til bustad og overnatting

Gjeldande rett

Etter forskrift om arbeidsmarknadstiltak får deltakarar på arbeidsretta tiltak, som må bu borte frå heimen under tiltaket eller under avklaring, stønad til bustad etter fast sats. Det blir ikkje kravd at brukaren har utgifter til bustad på heimstaden. Satsen er for tida 179 kroner for kvar dag ein deltek på eit arbeidsretta tiltak. Deltakarar i fellesnordiske tiltak, jf. forskrift om arbeidsmarknadstiltak § 10-2, kan få dekt utgifter til bustad fullt ut.

Etter forskrift om tilleggstønader etter folketrygdlova kapittel 11, blir det gitt stønad til personar som i samband med deltaking på eit arbeidsretta tiltak eller utgreiing i forkant av slike tiltak i tillegg til dei utgiftene dei har til sin vanlege bustad har naudsynte utgifter til bustad på den staden der tiltaket blir gjennomført, på 179 kroner per dag. Dersom ein ikkje hadde utgifter til bustad på heimstaden, får ein heller ikkje dekt slike utgifter på tiltaksstaden. Dei som pga. funksjonshemming har høgare utgifter til bustad på den staden der tiltaket blir gjennomført enn andre i same situasjon, kan få stønad til dekking av dei faktiske utgiftene, også når dei ikkje har hatt utgifter til bustad på heimstaden. Ein kan få stønad til bustad sjølv om ein ikkje fyller vilkåra i hovudregelen dersom det samla sett blir billigare for etaten enn å gi stønad til reise. Stønad til buutgifter ved midlertidig opphald for å delta på kortvarige samlingar, avlegge eksamen, opptaksprøve m.m., blir som hovudregel dekt per døgn etter same sats som når ein bur borte frå heimstaden, dvs. 179 kroner. Dei som deltar på samlingsbaserte studiar, kan likevel få dekt naudsynte, faktiske overnattingsutgifter, dersom den månadlege stønaden ikkje blir høgare enn stønad til daglege reiseutgifter mellom heimstad og utgreiings-/tiltaksstad. Etter rundskriv frå Arbeids- og velferdsetaten er stønaden avgrensa til den stønaden ein kan få i løpet av ein månad. Regelen er ein sikkerheitsventil der reiseutgiftene på grunn av lang avstand eller andre forhold blir høge, og det er naturleg å skaffe seg bustad på utgreiings-/tiltaksstaden i staden for å pendle. Ein kan berre få dekt faktiske overnattingsutgifter etter unntaksregelen ein gong per månad.

Etter forskrift om utdanningsstønad etter folketrygdlova kapittel 15, 16 og 17 blir det gitt stønad til naudsynte *ekstra buutgifter* med opptil 1/12 av grunnbeløpet per månad. Per 1. mai 2012 utgjer dette 6 843 kroner. Det blir ikkje kravd at personen skal ha hatt utgifter til bustad på heimstaden. Stønaden utgjer forskjellen mellom buutgiftene på heimstaden og buutgiftene på utdanningsstaden. Det blir berre tatt omsyn til direkte buutgifter dvs. husleige, renter på bustadlån (men ikkje avdrag), utgifter til strøm, brensel og forsikring av hus. Dersom mottakaren deler bustad med andre vaksne skal utgiftene delast. To barn svarar i denne samanhengen til ein vaksen. Eventuelle inntekter frå utleigd bustad på heimstaden skal trekkjast frå. Søkjar kan behalde bustaden på heimstaden i utdanningsperioden dersom Arbeids- og velferdsetaten vurderar dette som naudsynt. Søkjaren må som hovudregel vere under utdanning på heiltid utanfor heimen for å kunne få stønad til dekning av utgifter til bustad.

Vurderingar og forslag

Dei arbeidsretta tiltaka skal hjelpe folk med å komme i ordinært arbeid. Arbeidstakarar må dekkje utgifter til bustad av løna si. Prinsipielt meiner departementet derfor at utgifter til bustad burde dekkjast av livsopphaldsytingane. Departementet legg på den andre sida stor vekt på at tildelinga av arbeidsretta tiltak skal vere styrt av behova til brukarane. Ikkje alle kan få eit formålstenleg arbeidsretta tiltak der dei bur eller så nær bustaden at dei kan reise fram og tilbake kvar dag. Ein del av tiltaksdeltakarane vil dessutan ha behov for å oppretthalde to bustader i tiltaksperioden t.d. fordi resten av familien blir buande på heimstaden. Departementet foreslår derfor det skal kunne ytast stønad til personar som har ekstraavgifter til bustad på tiltaksstaden som følgje av tiltaksdeltakinga og at det ikkje skal krevjast at personen må ha hatt utgifter til bustad på heimstaden. Utgifter til bustad vil typisk kunne vere utgifter til leige av hybel.

Departementet vil, etter at satsane har verka ei viss tid, vurdere konkret om det finnst grupper blant dei einslege mødrene og fedrane som omlegginga vil få uheldige konsekvensar for.

Det er i dei seinare åra blitt meir vanleg med desentralisert opplæring med obligatoriske samlingar. Departementet foreslår derfor at tiltaksdeltakarar som har behov for å overnatte borte frå heimstaden i ein kortare periode som følgje av tiltaksdeltakinga, skal kunne få stønad til dekning av dei ekstraavgiftene dette fører med seg. Dette kan t.d. omfatte utgifter til overnatting på hotell ved kortvarige samlingar eller ved avlegging av eksamen/opptaksprøvar m.m.

Sjå utkastet til § 7.

Berekning av stønaden til bustad

Departementet foreslår at stønaden til bustad som hovudregel skal utgjere forskjellen mellom bukostnadene på heimstaden og bukostnadene på tiltaksstaden, avgrensa til eit beløp som blir fastsett av departementet. Departementet legg opp til at nivået på beløpet skal føre til at omlegginga blir om lag kostnadsnøytral.

Departementet foreslår vidare at stønaden til dekning av utgifter til overnatting ikkje lenger skal avhenge av dei alternative utgiftene til reiser til og frå ei samling, men at det skal ytast stønad til dekning av dei faktiske utgiftene til overnatting. Departementet foreslår at etaten sin praksis for å avgrense stønaden blir vidareført og tatt inn i forskrifta, slik at denne stønaden per måned ikkje kan vere høgare enn den maksimale stønaden til utgifter til bustad. Departementet foreslår også å vidareføre regelen om at dei som pga. funksjonshemming har høgare utgifter til bustad på staden der tiltaket blir gjennomført enn andre i same situasjon, kan få dekt dei faktiske buutgiftene. Departementet foreslår likevel at ein, for å markere at det er behovet til den einskilde som skal vere avgjerande, erstattar ”pga. funksjonshemming” med det noko vidare omgrepet ”av helsemessige årsaker”.

Fellesnordiske arbeidsretta tiltak dreiar seg i praksis om Utdanning Nordkalotten i Øvertorneå. Dette er eit avtalefesta samarbeid om arbeidsretta tiltak mellom Finland, Sverige og Noreg. Verksemda blir styrt av avtaler mellom regjeringane i Finland, Sverige og Noreg. Etter denne avtala er vi forplikta til å dekkje bukostnadene fullt ut. Arbeids- og velferdsdirektoratet har opplyst at deltakarane rutinemessig får den faste satsen, dvs. at ingen får meir enn fast sats. Departementet ser derfor ikkje behov for å vidareføre særregelen for deltakarane på fellesnordiske tiltak.

Sjå utkastet til § 8.

2.6 Stønad til barnetilsyn

Gjeldande rett

Etter forskrift om arbeidsmarknadstiltak kan tiltaksdeltakarar få eit tilsynstillegg dersom dei, pga. tiltaket, har utgifter til pleie eller tilsyn med barn under ti år. Tilsynstillegget blir gitt med høg sats, dvs. 100 kroner per dag (26 000 kroner per år) for det første barnet, og med låg sats, dvs. 54 kroner per dag (14 040 kroner per år), frå og med barn nummer to. Dersom begge foreldra deltar på arbeidsretta tiltak, blir stønaden berre utbetalt til ein av dei. Tiltaksdeltakarar kan også få tilsynstillegg når dei har andre familiemedlemmer som treng tilsyn og pleie. Slikt tillegg blir gitt etter høg sats, og berre til ein familiemedlem, dersom fleire deltek på tiltak samtidig.

Etter forskrift om tilleggsstønader etter folketrygdlova kapittel 11, blir det gitt tilsynstillegg til personar som på grunn av deltaking på eit arbeidsretta tiltak eller utgreiing, har behov for leigd hjelp til stell og pass av barn under ti år eller av barn over ti år som på grunn av sjukdom, skade eller lyte må ha kontinuerleg pleie og/eller tilsyn. Det blir gitt 100 kroner per stønadsdag for det første barnet (26 000 kroner per år og 54 kroner per stønadsdag for andre barn (14 040 kroner per år). Det blir ikkje gitt tillegg til dekning av utgifter til leigd privat hjelp under 18 år og/eller til medlem av same husstand. Tillegget blir ikkje gitt når det samtidig blir gitt ei anna trygdeytning til same formål. Dersom begge foreldra deltek på eit arbeidsretta tiltak, blir tillegget berre utbetalt til ein av dei. Det blir også gitt 100 kroner per stønadsdag for andre familiemedlemmar som treng tilsyn og pleie.

Etter folketrygdlova §§ 15-11 og 17-9 blir det gitt stønad til barnetilsyn til einsleg mor eller far og til attlevande ektefellar som pga. utdanning eller arbeid, må overlate naudsynt tilsyn med barn til andre, er tilmeld Arbeids- og velferdsetaten som reell arbeidssøkjjar eller etablerar eiga verksemd. Attlevande ektefellar får stønad for barn som blei forsørgja av ektefellane i fellesskap, og for felles barn som er født seinare. Stønaden blir gitt til barnet har fullført fjerde skuleår. Etter fjerde skuleår blir det gitt stønad når ein har eit barn som treng vesentleg meir tilsyn enn det som er vanleg for barn på same alder. Etter fjerde skuleår kan ein få stønad når forsørgjaren er borte frå heimen på grunn av utdanning eller arbeid og fråværet er meir langvarig eller uregelmessig enn det ein vanleg arbeidsdag medfører. Stønaden er 64 prosent av utgiftene, opp til eit beløp som Stortinget fastset. Det blir ikkje gitt stønad når den pensjonsgivande inntekta er større enn seks gonger grunnbeløpet. Dei maksimale

beløpa er for tida 3 652 kroner per måned for eitt barn, 4 764 for to barn og 5 398 for tre eller fleire barn, dvs. maksimalt 43 820 kroner per år for eitt barn, 57 170 kroner for to barn og 64 781 kroner for minst tre barn.

Vurderingar og forslag

Departementet meiner at tilfredsstillande tilsyn for barn er svært viktig for at ein skal kunne gjennomføre arbeidsretta tiltak og utgreiing i samband med slike tiltak.

Departementet foreslår derfor at Arbeids- og velferdsetaten fortsett skal kunne gi stønad til naudsynt tilsyn for barn under deltaking på eit arbeidsretta tiltak og ved utgreiing i samband med eit slikt tiltak. Stønad til barnetilsyn til einslege mødrer eller fedrar og attlevande ektefellar som allereie er i arbeid, erstattar primært overgangsstønad. Departementet legg derfor ikkje opp til at stønad til barnetilsyn til personar som er i arbeid skal regulerast i den nye tilleggsstønadsforskrifta.

Departementet legg til grunn at relativt små barn treng eit visst tilsyn av vaksne og at det i kravet om at utgiftene til tilsyn skal vere naudsynte, først og fremst ligg at den andre av foreldra ikkje er heimeverande. Skulefritidsordninga er i hovudsak eit tilbod til barn frå 1.- 4. klasse og departementet meiner derfor at det gir ei meir rett avgrensing av målgruppa for stønaden å setje skiljet ved om barnet har fullført fjerde skuleår enn ved fylte ti år. Einslege mødrer/fedrar kan i dag få stønad til tilsyn med barn som har fullført fjerde skuleår dersom barnet treng vesentleg meir tilsyn enn det som er vanleg for jamgamle barn. For andre tiltaksdeltakarar blir det i tillegg stilt krav til årsaka til det utvida tilsynsbehovet. Departementet meiner som tidlegare nemnd at stønad til dekning av utgifter til barnetilsyn er eit viktig verkemiddel for å sikre at folk kan delta på relevante arbeidsretta tiltak. Departementet meiner derfor at det viktigaste må vere omfanget på og ikkje årsaka til tilsynsbehovet. Departementet meiner at dei same omsyna gjer seg gjeldande når ein deltakar har andre familiemedlemmar som treng tilsyn. Departementet foreslår derfor at det også skal kunne ytast stønad til naudsynt tilsyn for familiemedlemmar.

Departementet meiner at regelen om at det ikkje skal kunne ytast stønad til dekning av utgifter til leigd privat hjelp under 18 år og/eller til medlem av same husstand gjer regelverket unødige komplisert, og ser ikkje nokon grunn til å oppretthalde denne.

Departementet foreslår at det, som før, berre skal kunne ytast stønad til barnetilsyn til ein av foreldra og stønad til tilsyn for andre familimedlemmar til ein pårørande.

Sjå utkastet til § 9.

Berekning av stønad til barnetilsyn

Den øvre grensa for stønad til barnetilsyn til einslege mødrer og fedrar og attlevande ektefellar er atskillig høgare enn for dei andre gruppene. Det er likevel ikkje mange som får full sats. Dei fleste som ønskjer det, har nå tilgang til barnehageplass eller plass i skulefritidsordninga og det er innført maksimalpris for foreldrebetaling for barnehageplassar. Stønad etter faste satsar er administrativt enklare enn det systemet som i dag blir brukt for å berekne stønad til barnetilsyn til einslege mødrer og fedrar.

Etter barnehagelova skal alle kommunar tilby familiar med lav betalingsevne redusert foreldrebetaling eller fritak for foreldrebetaling, dvs. at betalinga skal vere lågare enn den maksimalgrensa for foreldrebetaling som årleg blir fastsett av Stortinget, for tida 2 330 kroner for ein heildagsplass. I Oslo kommune betaler t.d. familiar med ei årsinntekt opp til 2G, 803 kroner per barn for ein heildags barnehageplass. Det er grunn til å tru at det mellom deltakarane på arbeidsretta tiltak er ein del familiar som pga. låg inntekt, vil ha faktiske utgifter til barnetilsyn som ligger godt under maksimalgrensa for opphalds- betaling i barnehage. Dette kan føre til at gjeldande faste sats for dei som får stønaden etter forskrift om tilleggsstønader og forskrift om arbeidsmarknadstiltak, i ein del tilfelle kan vere vesentleg høgare enn dei faktiske utgiftene til tiltaksdeltakaren (2 167/1 170 kroner). Den gjennomsnittlege utbetalinga av stønad til barnetilsyn til einslege mødrer og fedrar ligg i dag litt under den faste satsen til dei andre tiltaksdeltakarane.

Det ville vere mest rimeleg dersom stønaden blei avgrensa til dei faktiske utgiftene til barnetilsyn. Departementet legg likevel avgjerande vekt på at nytt regelverk må vere enkelt å forvalte og leggje til rette for sjølvbeteningsløysingar. Departementet foreslår derfor at stønad til barnetilsyn blir gitt etter faste satsar fastsett av departementet, og at satsen framleis skal vere høgare for det første barnet enn for andre barn. Departementet foreslår vidare at stønad til andre familiemedlemmar som treng tilsyn, skal svare til satsen for det første barnet.

Departementet vil, etter at satsane har verka ei viss tid, vurdere konkret om det finnst grupper blant dei einslege mødrene og fedrane som omlegginga vil få uheldige konsekvensar for.

Sjå utkastet til § 10.

Stønaden til barnetilsyn til einsleg mor eller far og attlevande ektefelle som er i arbeid, er registrert som reelle arbeidssøkjjarar hos Arbeids- og velferdsetaten eller som etablerer eiga verksemd, vil framleis vere regulert i folketrygdlova kapittel 15, og ikkje i den nye stønadsforskrifta.

2.7 Stønad til læremiddel

Gjeldande rett

Etter forskrift om arbeidsmarknadstiltak, kan deltakarar på tiltaket opplæring få stønad til dekning av utgifter til bøker og undervisningsmateriell. Personar som pga. sjukdom, skade eller lyte har fått arbeidsevna nedsett i ein slik grad at dei blir hindra i å behalde eller skaffe seg inntektsgejvande arbeid og som gjennomfører utdanning, kan etter forskrift om tilleggsstønader etter folketrygdlova kapittel 11 få stønad til dekning av utgifter til bøker og undervisningsmateriell.

Satsane for stønad til bøker og undervisningsmateriell etter forskrift om arbeidsretta tiltak og for tilleggsstønader etter folketrygdlova kapittel 11 blir fastsett årleg og gjeld frå 1. januar til 31. desember. Satsen er for tida 359 kroner per måned (3 590 per skuleår) for opplæringstiltak på vidaregåande skules nivå og 718 kroner per måned (7 180 per skuleår) for opplæring på universitets-, høgskule- eller fagskulenivå. Dersom opplæringstiltaket er normert til femti prosent eller mindre, blir det gitt halv sats. Dersom deltakaren på grunn av funksjonshemming har særleg store utgifter til bøker og undervisningsmateriell, kan han eller ho få dekt dei faktiske ekstrautgiftene.

Einslege mødrer eller fedrar, tidlegare familiepleiarar og attlevande ektefellar kan etter forskrift om utdanningsstønad få stønad til bøker og skulemateriell. Satsen for stønad til bøker og skulemateriell for einslege mødrer eller fedrar, tidlegare familiepleiarar og attlevande ektefellar, gjeld frå 1. august til 31. juli og blir regulerte i samsvar med konsumprisindeksen for perioden 15. januar det eine året til 15. januar det andre året. Satsen for vidaregåande utdanning utgjer halvparten av satsen for høgskule- og universitetsutdanning. For utdanning på deltid blir utgifter til bøker og skulemateriell dekte med opptil 1/4, 1/2, 2/3 eller 3/4 av maksimal stønad på full tid. Det blir ikkje gitt stønad til dekning av utstyr som har verdi utover utdanningstida. Satsane er for tida 3 600 kroner per skuleår på vidaregåande skules nivå og 7 190 kroner per skuleår på høgskulenivå.

Vurderingar og forslag

Stønadene til dekning av utgifter til bøker, undervisningsmateriell og liknande har litt ulike namn, men dei dekkjer den same typen utgifter. Stadig fleire leverandørar utviklar nettbaserte tilbod. Formålet med nettbaserte tiltak er primært å utvide tiltakstilbodet for arbeidssøkjjarar som ikkje kan delta i tiltak langt borte frå heimen, for eksempel av omsyn til helse eller familie, eller som elles har vanskeleg for å følgje eit tradisjonelt kursopplegg med faste oppstarts- og undervisningstider. Innhaldet i den nettbaserte opplæringa svarar i stor grad til innhaldet i dei tradisjonelle opplæringstiltaka. For Arbeids- og velferdsetaten vil det samla sett oftast vere billegare å gi brukaren eit nettbasert opplæringstiltak enn om deltakaren flytta bort frå heimlassen for å delta på eit tiltak. Departementet ser ingen grunn til at stønadsregelverket skal gjere forskjell på nettbasert og tradisjonell opplæring når det kjem til dekning av bestemte utgifter. Departementet foreslår derfor at tiltaksdeltakarar som har utgifter til læremiddel skal få ein stønad som dei kan disponere slik det passar best for den einskilde. Departementet foreslår likevel at det skal gå klårt fram av forskrifta at stønaden ikkje kan ytast til elevar som har rett til gratis læremiddel under videregående utdanning etter opplæringslova. Dette inneber at ein ikkje vidarefører den gjeldande regelen for einsleg mor eller far om at det ikkje blir gitt stønad til dekning av utstyr som har verdi utover utdanningstida. Stønadene til dette formålet har i dag ulike namn, men ingen av dei fangar godt nok opp digitale læremiddel. Departementet foreslår derfor at den nye stønaden skal heite stønad til læremiddel.

Sjå utkastet til § 11.

Berekninga av stønad til læremiddel

Departementet foreslår at stønaden fortsett skal ytast etter fast sats som departementet fastset. Departementet legg til grunn at dei faktiske kostnadene til læremiddel fortsett vil vere høgare for deltakarar på utdanning over nivået for vidaregåande skule og at ein derfor bør vidareføre ein høgare sats til deltakarar på slik utdanning.

Deltakarar på opplæring på fulltid vil normalt ha større utgifter til læremiddel enn deltidsstudentar. Departementet meiner derfor at stønaden fortsett bør differensierast. Ei finmaska inndeling kan bli oppfatta som mest rettferdig. Det er på den andre sida ikkje gitt at utgiftene til læremiddel vil bli reduserte i same takt som studiebrøken. Det vil dessutan vere enklare for Arbeids- og velferdsetaten å handtere få satsar. Departementet foreslår at det skal fastsetjast ein sats for læremiddel for deltakarar på opplæring som er normert til meir enn halv tid og at opplæring som er normert til halvparten eller mindre skal utløyse rett til halv sats. Departementet foreslår vidare at moglegheita for å dekkje dei faktiske ekstraavgiftene for deltakarar som på grunn av funksjonshemming har særleg store utgifter til læremiddel blir vidareført.

Sjå utkastet til § 12.

2.8 Stønad til utgifter til legeerklæring

Gjeldande rett

Etter forskrift om arbeidsmarknadstiltak kan ein få refundert naudsynte legeutgifter som har samband med gjennomføringa av det arbeidsretta tiltaket.

Vurderingar og forslag

Det synest uklart kva som blir dekt av denne stønaden som ikkje allereie blir dekt av andre ordningar. Stønaden blir i tillegg lite brukt. Det var t.d. berre 71 personar som fekk slik stønad i 2011. Departementet kan derfor ikkje sjå at det er naudsynt å vidareføre denne stønaden og foreslår at han blir avvikla.

2.9 Konsekvensar av fråver frå arbeidsretta tiltak

Gjeldande rett

Stønader etter forskrift om arbeidsmarknadstiltak fell som hovudregel bort ved fråver frå det arbeidsretta tiltaket. Det går fram av forskrift om arbeidsmarknadstiltak §§ 10-9 og 10-10 at når deltakarar på arbeidsretta tiltak sjølv er sjuke og når barn eller barnepassar er sjuk får deltakaren full stønad dei tre første sjukedagane. Ved sjukdom ut over tre dagar får deltakaren 75 prosent av full stønad resten av arbeidsgjevarperioden (som hovudregel 16 dagar). Tiltaksdeltakarar som på grunn av sjukdom, skade, lyte eller sosial mistilpassing har fått arbeidsevna nedsett, slik at han eller ho blir hindra i å behalde eller skaffe seg inntektsgjevande arbeid, får full stønad utan tidsavgrensing ved eigen sjukdom dersom det fortsett blir vurdert som naudsynt og formålstenleg å delta på tiltaket. Fråver pga. jobbintervju, timeavtale i det offentlege hjelpeapparatet eller sterke velferdsgrunnar fører heller ikkje til at stønadene blir reduserte.

Stønader etter folketrygdlova kap. 11 blir ikkje reduserte ved fråver frå den avtalte aktiviteten. Dersom fråveret fører til at det blir vanskeleg eller umogeleg å gjennomføre dei fastsette aktivitetane skal Arbeids- og velferdsetaten vurdere om medlemmen fortsett fyller vilkåra for å halde fram på tiltaket og dermed for å oppretthalde stønadene.

Stønader etter folketrygdlova kapittel 15, 16 og 17 blir ikkje reduserte pga. fråver. Dersom fråveret fører til at kravet til yrkesretta aktivitet ikkje er oppfylt, skal Arbeids- og velferdsetaten vurdere om medlemmen fortsett fyller vilkåra for den aktuelle stønaden. Einslege mødrer eller fedrar kan få stønad til barnetilsyn etter § 15-11 andre ledd i inntil eit år når forsørgjaren har ein forbigåande sjukdom som hindrar utdanning, arbeid og tilmelding til Arbeids- og velferdsetaten som reell arbeidssøkjjar.

Vurderingar og forslag

Når stønadene til dekning av utgifter i samband med deltaking på arbeidsretta tiltak blir harmoniserte, bør det og vere like reglar om reduksjon av stønadene ved fråver frå arbeidsretta tiltak. I dag blir ingen av stønadene reduserte ved kortvarige sjukefråver. Dersom ein deltakar har så høgt fråver at det ikkje lenger er formålstenleg å halde fram på tiltaket vil deltakinga bli avslutta og stønadene stoppa. Departementet meiner at ein bør halde fast ved desse utgangspunkta. Spørsmålet bli då kva konsekvens det skal få for stønadene ved litt lengre sjukefråver og ved korte fråver av andre årsaker enn sjukdom. Formålet med stønadene er m.a. å kompensere for visse utgifter knytt til deltaking på arbeidsretta tiltak og utgreiing i samband med slike tiltak. Dette taler på den eine sida for at ein berre skal kunne få stønader for dagar ein faktisk deltar på tiltak. På den andre sida vil dei fleste utgiftene komme uavhengig av om ein faktisk deltek på tiltaket; ein betalar månadleg husleige, kjøper månadskort til offentleg transport m.m. Departementet meiner at behovet for kunne redusere ytinga ved manglande deltaking er større for livsopphaldsytingane enn for stønader til dekning av visse utgifter. Departementet foreslår derfor at stønadene ikkje skal reduserast ved mellombelse fråver frå eit arbeidsretta tiltak, men at stønadene skal stansast dersom fråveret fører til at det blir vanskeleg eller umogeleg å gjennomføre dei fastsette aktivitetane. Departementet meiner at det ikkje er nokon grunn til å ha andre reglar for einslege mødrer eller fedrar enn for andre tiltaksdeltakarar, og foreslår derfor ikkje å vidareføre regelen om at einslege forsørgjarar kan få stønad til barnetilsyn i inntil eit år under ein forbigåande sjukdom som hindrar utdanning, arbeid og tilmelding til Arbeids- og velferdsetaten som reell arbeidssøkjjar.

Sjå utkastet til § 13.

2.10 Utbetaling

Gjeldande rett

Etter forskrift om arbeidsmarknadstiltak skjer anvising og utbetaling om hovudregel etterskotsvis. Ytingar som ikkje er eingongsytingar, blir utbetalte kvar fjortande dag på bakgrunn av opplysningar som mottakaren har gitt på meldekort. I samband med

jul/nyttår og påske, og i tilfelle der deltakaren ikkje kan sørgje for sitt livsopphald fram til tiltaksstart, kan stønadene anvisas på forskot for ein periode på inntil 14 dagar. For lite og for mykje utbetalt stønad skal korrigerast ved første moegelege anvisning.

Tilleggsstønader etter folketrygdlova kapittel 11 og stønader til dekning av utgifter i samband med utdanningstiltak etter folketrygdlova kapittel 15, 16 og 17, kan etter folketrygdlova § 22-10 fjerde ledd bokstav b, anten utbetalast som eingongsbeløp eller som fortløpande ytingar. Desse stønadene blir ikkje berekna på bakgrunn av opplysningar som er gitt via meldekort.

Etter forskrift om tilleggsstønader etter folketrygdlova kapittel 11 skjer anvisning og utbetaling om hovudregel etterskotsvis. Ytingar som ikkje er eingongsytingar, blir utbetalte kvar fjortande dag på bakgrunn av opplysningar som mottakaren har gitt på meldekort. I samband med jul/nyttår og påske, og i tilfelle der deltakaren ikkje kan sørgje for sitt livsopphald fram til tiltaksstart, kan stønadene anvisas på forskot for ein periode på inntil 14 dagar. For lite og for mykje utbetalt stønad skal korrigerast ved første moegelege anvisning.

Stønader etter folketrygdlova kapittel 15, 16 og 17 til einslege mødrer/fedrar, tidlegare familiepleiarar og attlevande ektefellar blir utbetalt den 20. kvar månad. Stønad til barnetilsyn blir gitt frå og med månaden mottakaren fyller vilkåra for stønaden. Dersom tilsynsutgiftene endrar seg, blir stønaden regulert frå og med den månaden endringa skjer. Dette følgjer av særregelen i folketrygdlova § 15-11 femte ledd som sikrar at den einslege forsørgjaren til ei kvar tid får 64 prosent av dei dokumenterte tilsynsutgiftene (opp til eit beløp fastsett av Stortinget). Utdanningsstønad blir gitt for eit skuleår om gongen, og blir berre gitt for den tida søkjaren faktisk er under utdanning. Eit skuleår blir rekna som ti månader. Utgifter til dagleg reise og tilskot til buutgifter blir utbetalte månadsvis, frå månaden etter at personen tar fatt på utdanninga. Utdanningsstønad til heimreiser blir utbetalt etter kvart som personen dokumenterar utgiftene. Det same gjeld utgifter til flytting. Det blir ikkje krevd at stønad til skulemateriell skal dokumenterast. Stønad til skulemateriell blir derfor utbetalt som eingongsbeløp.

Vurderingar og forslag

Departementet ser ingen grunn til at utbetalingane av like stønader skal skje til ulike tidspunkt. Departementet ser ikkje noko behov for at det skal stå i forskrifta når tilvising av utbetalinga skal skje. Departementet foreslår derfor at det blir forskriftsfesta at utbetaling som hovudregel skal skje etterskotsvis, men at Arbeids- og velferdsdirektoratet skal kunne gjere unntak for einskilde stønader, til dømes slik at stønaden til læremiddel framleis kan utbetalast når opplæringa tar til. Mogelegheita for forskottering i samband med jul/nyttår eller påske blir i praksis ikkje brukt. Departementet foreslår derfor at desse reglane blir oppheva.

Sjå utkastet til § 14.

3. Stønad til studiereiser

Gjeldande rett

Deltakarar på opplæringstiltak etter forskrift om arbeidsretta tiltak kapittel 7 får etter folketrygdlova kapittel 11 og forskrift om arbeidsretta tiltak dekt utgifter til obligatoriske studiereiser. I dette ligg det at studiereisa må vere naudsynt for at studenten skal kunne ta eksamen. Utgifter til studiereiser blir etter praksis delt opp slik at reisekostnadene blir dekt som reisepengar, kursavgifta som skulepengar og hotell som buutgifter. Utdanningsinstitusjonen må derfor sende dokumentasjon på kor mykje dei ulike postane utgjør. Deltakaren får dekt sine faktiske utgifter.

Deltakarar på opplæringstiltak etter kapitla 15,16 og 17 får dekt utgifter til studieturar i den grad Statens Lånekasse for utdanning også dekkjer slike utgifter jf. § 2 bokstav f i forskrift 11. mars 1997 nr. 223 om utdanningsstønad.

Vurderingar og forslag

Obligatoriske studiereiser vil kunne inngå i opplæringstiltak som Arbeids- og velferdsetaten elles har funnet naudsynt og formålstenleg for ein person. Departementet meiner derfor at det fortsett må kunne ytast stønad til dekning av utgifter til *obligatoriske* studiereiser. Departementet ser det som lite formålstenleg å måtte splitte opp dei ulike utgiftene i samband med studiereiser ettersom det førar til ekstraarbeid både for studiestaden, for brukarane og for etaten. Departementet foreslår derfor at ein bør få dekt slike utgifter under eitt. Ettersom obligatoriske studieturar inngår i opplæringstiltaka meiner departementet at det er mest naturleg å regulere retten til å få dekt utgifter til obligatoriske studieturar saman med tiltaket. Opplæringstiltaket er i dag regulert både i forskrift om arbeidsretta tiltak, og i folketrygdlova kapittel 15. Det inneber at stønad til studiereiser må regulerast i folketrygdlova kapittel 15 for einslege mødrer og fedrar, tidlegare familiepleiarar og attlevande ektefellar, medan den for resten av tiltaksdeltakarane blir regulert i forskrift om arbeidsretta tiltak.

Statens Lånekasse for utdanning gir ikkje særskilt støtte til studiereiser. Slike utgifter må dekkast av studenten sjølv innanfor dei vanlege støttebeløpa. Einslege forsørgarar får dermed heller ikkje særskilt støtte til studiereiser. Departementet foreslår inga endring i dette men vil vurdere om regelen i forskrifta bør opphevast i og med at han ikkje er i bruk.

For dei andre tiltaksdeltakarane foreslår departementet at stønad til studiereiser blir tatt inn i forskrift om arbeidsretta tiltak § 7-4, som regulerar tilskot til arrangør av opplæringstiltak. Departementet meiner at utgiftene til utdanning bør sjåast under eitt. og foreslår derfor at utgiftene til obligatoriske studieturar skal inngå i kostnadstaket. For å unngå tvil om kva som ligg i "obligatorisk" foreslår departementet at ein i forskrifta brukar formuleringa "studiereiser som er nødvendige for at deltakeren skal kunne ta eksamen."

Sjå utkastet til endringar i forskrift om arbeidsretta tiltak § 7-4.

4. Ny forskrift om tiltakspengar

Bakgrunn

Stønad til livsopphald m.m. til tiltaksdeltakarar er i dag regulert i kapittel 10 i forskrift 20. desember 2001 nr. 1544 om arbeidsmarknadstiltak. Dei andre kapitla i denne forskrifta blei frå 1. januar 2009 erstatta med ei ny forskrift om arbeidsretta tiltak¹. Når stønadene til dekning av utgifter i samband med deltaking på arbeidsretta tiltak no blir regulert i ei eiga forskrift, ser departementet det som formålstenleg å samtidig fastsetje ei ny forskrift om retten til ytingar til livsopphald under deltaking på tiltak.

Forskrifta er i hovudsak ei vidareføring av gjeldande reglar. Endringar av materielt innhald går fram nedanfor. Departementet vil samtidig nytte høvet til å omformulere fleire av reglane for å gjere dei klårare og enklare å forstå.

Forskottering ved jul/nyttår og påske

I samband med jul/nyttår og påske, eller i tilfelle der tiltaksdeltakar ikkje kan sørge for sitt livsopphald i påvente av at eit arbeidsretta tiltak skal starte opp, kan stønaden etter gjeldande forskrift anvisast på forskott for ein periode på inntil 14 dagar. For lite eller for mykje utbetalt stønad skal då rettast ved første mogelege høve.

Forskottering er administrativt krevjande og det aukar faren for feilutbetalingar. Arbeids- og velferdsetaten forskotterer ikkje lenger stønaden, men løyser i staden problem rundt jul og påske med tidlegare innsending av meldekort. Arbeids- og velferdsdirektoratet har ikkje registrert negative konsekvensar av denne praksisen. Departementet foreslår derfor at mogelegheita for å forskottere stønad i samband med jul og påske ikkje blir vidareført. Situasjonen er den same for mottakarar av dagpengar og arbeidsavklaringspengar. Departementet tar derfor sikte på å også avvikle reglane om forskottering av desse ytingane.

Tiltakspengar ved fråver frå tiltaket

Etter hovudregelen kan ein berre få stønad for dei dagane ein faktisk deltek i tiltaket. Utbetalinga blir derfor som hovudregel redusert ved fråvær.

Det skal framleis vere eit krav for å få tiltakspengar at ein faktisk deltek på eit arbeidsretta tiltak som er tildelt av Arbeids- og velferdsetaten. Tiltakspengane skal derfor framleis reduserast forholdsmessig ved fråver, med unnatak for fråver som skuldast jobbintervju, avtalt time i det offentlege hjelpeapparatet eller sterke velferdsgrunnar.

Etter den gjeldande forskrifta kan tiltaksdeltakarar ved sjukdom få 100 prosent stønad i tre dagar og 75 prosent stønad i ein periode som svarar til arbeidsgjevarperioden i

¹ Forskrift 11. desember 2008 nr. 132 om arbeidsrettede tiltak mv.

sjukepengeordninga etter folketrygdlova kapittel 8. Det same gjeld om barn eller barnepassar er sjuk. Tiltaksdeltakarar med nedsett arbeidsevne får full stønad ved sjukdom så lenge deltaking på tiltaket framleis er naudsynt og formålstenleg. Det er lite formålstenleg å ha ulike reglar om rett tiltakspengar når ein er for sjuk til å delta på tiltaket. Departementet foreslår derfor å fjerne særregelen for tiltaksdeltakarar med nedsett arbeidsevne. Departementet legg vidare opp til at regelen om at også dagpengemottakerare får utbetalt ytinga ved fråver frå tiltaket som skuldast sjukdom hos barn eller barnepassar, blir flytta til dagpengeforskrifta².

Forholdet til andre ytingar – forslag om lovfesting

Etter forskrift om arbeidsmarknadstiltak § 10-7 fell stønaden bort når ein mottek andre ytingar som dekkjer same formål. Departementet meiner at dette prinsippet framleis skal gjelde, men meiner at dette bør gå fram av *lova*, på same måte som for andre livsopphaldsytingar, og at det må vere retten til ytinga som er avgjerande, og ikkje om ein faktisk mottek ho. Departementet meiner vidare at tiltakspengane bør vere ei subsidiaer yting i høve til andre ytingar til livsopphald, noko dei i praksis stort sett er allereie. Andre ytingar til livsopphald vil t.d. kunne vere livsopphaldsytingar frå folketrygda, private pensjonsordningar, venteløn, vartpengar osv.. Løn frå arbeid utanom tiltaket skal, som i dag, ikkje føre til reduksjon av tiltakspengane.

For å gjere det heilt klårt kven som skal kunne få tiltakspengar og stønader til dekning av utgifter som følgjer av tiltaksdeltakinga etter arbeidsmarknadslova, foreslår departementet at dette blir tatt inn i § 13 i lov om arbeidsmarknadstenester.

Opphald i institusjon

Etter gjeldande reglar kan tiltaksdeltakarar som oppheld seg i institusjonar med fri kost og losji, ikkje få stønad til livsopphald, jf. § 10-7 anna ledd. Dette gjeld likevel ikkje for tiltaksdeltakarar som bur i barnevernsinstitusjonar. I praksis er denne regelen berre aktuell i samband med opphald i anstalt under kriminalomsorga (fengsel). Departementet foreslår derfor å bytte ut "institusjon" med "fengsel" i den nye forskrifta.

5. Ikraftsetjing og kven dei nye reglane skal få verknad for

Arbeids- og velferdsetaten vil trenge tid til å forberede innføringa av det nye regelverket i forskrift om stønader til dekning av utgifter knyta til å komme i eller å behalde arbeid. Departementet legg derfor opp til at lovendingane og forskrifta skal tre i kraft 1. januar 2014 og at ho skal gjelde for nye saker.

6. Økonomiske og administrative konsekvensar

Hovudformålet med den nye forskrifta om stønader til dekning av utgifter knytt til å komme i eller å behalde arbeid (tilleggsstønadsforskrifta) er å lage mest mogeleg like reglar for dekning av utgifter arbeidssøklarar har for å komme i arbeid. Departementet meiner at det å redusere talet på stønader i seg sjølv vil verke administrativt

² Forskrift 16. september 1998 nr. 890 om dagpengar under arbeidsløyse

forenklande. Det vil m.a. føre til at det ikkje lenger blir behov å lære sakshandsamarane opp i og å vedlikehalde fire ulike IT-system. Det vil også føre til ei enklare økonomiforvaltning og til at det blir enklare å få god statistikk på kven som får stønadene og kor store faktiske utgifter Arbeids- og velferdsetaten dekkjer. Det er dessutan ved utforminga av det nye regelverket lagt stor vekt på at det skal vere lett for brukarane å finne ut kva dei har krav på og at det skal vere enkelt for Arbeids- og velferdsetaten å forvalte regelverket. Dersom ein skal lykkast med å få fleire raskare ut i arbeid er det etter departementet sitt syn svært viktig at dei arbeidsretta tiltaka blir tilpassa behova til den einskilde brukaren. Omsynet til individuell tilpassing veg derimot ikkje så tungt ved utforminga av stønader til utgiftsdekning. Departementet har derfor hatt som utgangspunkt at stønadene så langt som mogeleg skal ytast etter faste satsar. Departementet meiner derfor at det å lage ei felles forskrift med harmoniserte stønader vil redusere dei administrative kostnadene. Dei fleste av reglane i forskriftsutkastet gjeld allereie for store grupper av brukarane. Departementet legg opp til at nivået på stønadene som brukarane etter forslaget skal få etter fast sats fastsett av departementet blir slik at endringane samla sett blir om lag kostnadsnøytrale.

Forslaget om at studiereiser skal inngå i kostnadstaket vil kunne føre til ei mindre innsparing.

Ny forskrift om tiltakspengar vil ikkje ha nemneverdige økonomiske eller administrative konsekvensar.